

**Fra:** Marit Gro Berge  
**Sendt:** 22. september 2014 11:20  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** referanse 14/1135

### **Innspel til Områdeplan for Knarvik sentrum, sak 1093/14 for plan- og miljøutvalet.**

Lindås bibliotek viser til den vedtekne kulturplanen i kommunen for 2010-2020 som har følgjande tiltak knytt til dei overordna måla:

*«Eit godt kulturtilbod vert utvikla i Knarvik med nytt kulturhus og Knarvik idrettspark som base. Knarvik skal utviklast til å bli "ein levande bygdeby" for regionen, som tek vare på strilekulturen, i staden for at området blir ein forstad til Bergen. Samstundes skal kommunen stimulera til aktivitet i bygdene som skapar trivsel og levande lokalsamfunn.»*

Eit anna tiltak i planen er at  
*«Det skal arbeidast for at hovudbiblioteket får sentralt plasserte lokale som er store nok til å tilfredsstillе krava til eit moderne bibliotek tilpassa storleiken på kommunen vår.»*

Det ligg dermed føre politisk vedtak på at det skal arbeidast fram to sentrale bygg i Knarvik som gjeld kultur: Eit kulturhus og eit bibliotek. Frå andre kommunar veit ein at dei kulturhusa som fungerer best, og som gjer husa levande, er dei husa som har eit bibliotek integrert i seg. Alt talar derfor for at ein integrerer det nye biblioteket i eit nytt kulturhus.

Omtalen av plassering av kulturhus i framlegget til områdeplan vert for vag i høve til nemnde vedtak om kulturhus/bibliotek. Med formuleringa på s 41 om at BS6 er «ynskt som mogleg nytt hotell ELLER kulturhus (eller ein kombinasjon av disse)» vert det opna opp for at tomten IKKJE treng å nyttast til kulturhus. Her er det behov for ei meir forpliktande formulering som synleggjer den politiske intensjonen om eit kulturhus, sentralt plassert i Knarvik.

Med helsing  
Marit Gro Berge  
biblioteksjef

mvh



**Marit Gro Berge**  
biblioteksjef

Tlf: +47 56 37 54 24 / 94 816 111

[marit\\_gro.berge@lindas.kommune.no](mailto:marit_gro.berge@lindas.kommune.no)